



Medlemer i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet for Myking skule.

13.11.2014

Medlem Samarbeidsutvalet.	Vara medlem (møter berre etter nærare avtale).
Berit Bruvoll	Ida Marie Nordahl
Edmund Nyheim	Annikken Sylta
Björg S. Myrmel	Janne Kari Eknes
Bodill Vabø	Bjørghild O. Spjell
Kjell Fagna	Jan-Erik Hope
Herborg Osmundsen	Torill Myhre
Nils Kvalvågnes	
Elevrådet:	
Nikolai R. Fimland	Sindre Sylta
Alva Bredholt	Mathea Eikemo
Medlem Skulemiljøutvalet	
Remi Rognaldsen	Steinar Kleiven
Ina A. Vabø	Magnus Holsen

Innkalling til felles møte for Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet ved Myking skule.

Tysdag 18. november . kl. 18.00 - kl. rom 1

Då sakene i Samarbeidsutvalet for det meste fell saman med Skulemiljøutvalet sitt interesseområde kallar ein inn til møte for begge utvala samla. Vedtaka som vert gjort vert merka som vedtak i dei respektive utvala.

SAKER

1. Meldingar/referatsaker.

- Referat frå elevrådsmøte
- Referat frå foreldreråds og FAU-møte.
- Økonomiplanen 2014-2018
-

2. Høyring – organisering av leksehjelp i grunnskulen i Lindås.

Reglane for kven som kan få tilbod om leksehjelp er endra. Kommunen kan vedta at ordninga også kan gjelda elevar over 4. klasse. Rammene for ordninga er elles dei same. Saka har vore handsama av Levekårutvalet som har gjort følgjande vedtak:

LE - 091/14 VEDTAK:

Lindås kommune tilbyr leksehjelp primært til elevar på 5.-7. trinn. I særlege tilhøve kan rektor gjera tilpasningar. Det skal i hovudsak vere pedagogar som er ansvarlege for leksehjelpa. Rektor organiserer tilbodet i samsvar med krava i Opplæringslova med forskrift. Auke i kostnader til leksehjelp blir finansiert innafør ramma til grunnskulen.

Ut frå rammene i dette vedtaket er saka sendt til høyring:

Høyring – Organisering av leksehjelp i grunnskulen i Lindås kommune.

Levekårsutvalet i Lindås kommune gjorde 28.10.2014 vedtak om å senda organisering av leksehjelp i grunnskulen i Lindås kommune ut på høyring.

Organisering av leksehjelp i grunnskulen i Lindås kommune ligg til offentleg ettersyn i tida 05.11.2014 – 17.12.2014 på rådhuset i Knarvik og på kommunen si heimeside.

Merknader må sendast Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø, eller postmottak@lindas.kommune.no innan 17.12.2014.

Skulen har motteke følgjande innspel frå PPT:

«Sidan kommunen no vurderer korleis leksehjelp skal organiserast orienterer PPT om følgjande.

I fleire saker som er tilmeldt oss vurderer PPT det til at elevane vil ha god nytte av leksehjelp. Dette gjeld både elevar som kan oppnå kompetansemåla i ulike fag og for elevar som har avvik frå kompetansemåla. Ein ser og at behovet er fordelt på ulike klassetrinn. I tillegg gjeld det dei elevane som har foreldre som ikkje evnar å hjelpe barnet sitt med leksene, og dei foreldra som ikkje kjem i posisjon til å hjelpe barnet sitt med lekser. PPT opplever det noko ulikt korleis skulane vektlegg og organiserer leksearbeidet, men det er likevel vårt inntrykk at skulane i Lindås aktivt nyttar lekser på veg mot opplæringsmåla. Kvaliteten på leksehjelpa er ein avgjerande faktor.»

Høyringsdokumentet frå Levekårsutvalet ligg ved.

3. Høyring skuleruta for skuleåret 2015/16.

Rådmannen har sendt ut framlegg til forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2015-2016

Rådmannen sitt framlegg byggjer på vedteken skule- og barnehagerute for Bergen Kommune og Hordaland fylkeskommune 2015-2016. Skuleruta dette året vert eit unnatak samanlikna med tilegare år. Da påska kjem veldig tidleg, er fire av fem vinterferiedagar flytta til veka etter påske i 2016. Dette vert gjort for å unngå oppstyking av gode læringsperiodar. Den vedtekne skuleruta for Bergen og Hordaland fylkeskommune er drøfta i styret for Nordhordland kursregion, og her er det semje om at kommunane i Nordhordland sender ut eit felles framlegg til skulerute bygd på Bergen og Hordaland med følgjande justering:

- Den elevfrie dagen 14. september går ut

Postadresse
5957 Myking

Besøksadresse
Myking skule
Myking

Telefon
56 36 42 01

Telefaks
56 36 03 88

Konto
0805 5787809-207
Organisasjonsnr.
935 084 733

- Elevfrie dag vert i staden lagt til 8.februar.

Framlegg til forskrift med skulerute ligg ved.

4. Evt.

Berit Karin Bruvoll
leiar SU/SKMU

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	Konto
5957 Myking	Myking skule Myking	56 36 42 01	56 36 03 88	0805 5787809-207 Organisasjonsnr. 935 084 733